

Velkommen til ferie-SFO i vinterferien!



Her kjem program og litt informasjon:

- Me starter dagen på base 2 og etter kvart som det kjem fleire elevar fordeler me oss på dei andre basane. **ALL levering for dei som skal bruke morgontilbodet (før kl 08.00) vil skje ved inngangen til base 1 og base 2. Berre dei som har morgon-SFO til vanleg kan bruke morgontilbodet i ferien.**
- **Det blir servert to måltid kvar dag som SFO ordner.** Lunsj ca. kl 11.00 og fruktmåltid ca. kl 13.45. Dei som skal ete frukost på morgon-SFO (før kl 08.00) må ta med matpakke.
- **Desse dagane vil me vera ein del ute og litt på tur/utflukter.** Hugs å sende med klede som kan brukast i all slags vær. Lue/pannebånd og votter kan vere lurt å ha.
- Dei dagane me er på tur eller utflukt er det fint om elevane har med ein **liten tursekk** til å ha litt ekstra klede i. Hugs òg å sende med **drikkeflaske**.
- **Tur til speiderhytta i Loen for base 1 måndag 23. februar:** me går frå skulen cirka **kl 09.30** denne dagen. Me pakker med oss ved og mat. Lunsjen èt me i speidarhytta.
- **Tur for base 2 og 3 til Plogenparken måndag 23. februar:** me tek turen til Plogenparken denne dagen. Me går i frå skulen cirka **kl 09.30**. Lunsjen èt med på turen.
- **Boklansering og bokbad i Sandnes for base 3 tysdag 24. februar:** taxien reiser frå skulen **kl 11.20** og retur frå Sandnes er **kl 13.30**.
- **Skyland for base 1 onsdag 25. februar:** Me går i frå skulen cirka **kl 09.30**. Me er tilbake på skulen til cirka kl 11.30. **Hugs å ta med sokker med antiskli.**
- **Bowling for base 2 onsdag 25. februar:** Taxien reiser frå skulen **kl 09.30**. Vi er tilbake på skulen til **cirka kl 12.00**.
- **Ha med bamse-dag torsdag 26. februar:** Denne dagen kan elevane få ta med seg ein bamse kvar. Bamsen må ikkje vere større en at den får plass i sekken og den må ikkje laga lyd. Minner om at bamsane tas med **på eige ansvar**, og at dei vaksne ikkje kan passe på kven som har med kva slags bamse. **Merk gjerne bamsen med namn.**
- **Gi oss beskjed dersom barnet ditt er sjuk eller ikkje kjem** om morgonen. Legg det inn som merknad i Visma eller på SMS. Andre beskjeder som sendes utover dagen må kome på sms til basen, då vi ikkje har tilgang til Visma ute og på tur/utflukter.
- Telefonnummer til basane, lagre telefonnummer til din base:

Base 1 (1.trinn): 934 70 218

base 2 (2.trinn): 969 43 104

Base 3 (3. trinn og 4. trinn): 969 43 916

SFO-leiar: 934 70 217

Opningstid er kl 08.00 – 16.30 (+ kl 07.00 – 08.00 for dei som har morgontilbod).

Kjernetid er frå kl 10.00 –14.00, så alle må vere på plass til seinast kl 10! På tur dagar ynskjer me at elevane **er på skulen til seinast kl 09.30**.

Kjem nokon seinare eller må hente før, må de sjølv bringa/henta der me er, og gi oss beskjed om at barnet kjem seint, eller skal bli henta tidleg. Fint om de foreldre gir beskjed om barna skal gå heim sjølve eller om dei blir henta.

Det kan bli endringar ut frå vèr- og andre forhold.

Elles finn me sjølv sagt på andre kjekke ting før og etter kjernetid.

Plan for veka:

	Måndag 23.02	Tysdag 24.02	Onsdag 25.02	Torsdag 26.02	Fredag 27.02
Base 1	Tur til speiderhytta i Loen	Tema: papirfly	<u>Skyland</u>	Bamsedag	Vi lager til kino
Base 2	Tur til Plogenparken	Aktivitetar i gymsalen	Bowling	Bamsedag	Vi lager til kino
Base 3	Tur til Plogenparken	Boklansering og bokbad i Sandnes	Aktivitetar i gymsalen	Bamsedag	Vi lager til kino
	Varmmat	Brød/knekkebrød/ gryn	Brød/knekkebrød/ gryn	Brød/knekkebrød/ gryn	Varmmat

Dagsrytme i vinterferien

Tid	
07.00-08.10	Morgon-SFO
08.10-09.00	Roleg leik inne
09.00-11.15	Aktivitetar
11.00-11.45	Lunsj
11.45-14.00	Aktivitetar
14.00-14.30	Fruktnmåltid
14.30-16.00	Frileik
16.00-16.30	Rydding